

# **Emnerapport (hausten 2016) for NORMAU651, kull 2014**

## **Gjennomføring**

Dette studentkullet som er i det femte av i alt åtte semester på erfaringsbasert master i nordisk, skulle i haust skriva prosjektskisse. Samlinga var lagd til torsdag og fredag den 24. og 25. november, dvs. ei veke før den endeleg innleveringa av skissa den 2. desember. Studentane fekk alt i juni tildelt kvar sin rettleiar som dei har hatt kontakt med dette semesteret, men evalueringa her er basert på den obligatoriske samlinga.

Studieinformasjon: Kontakten med heile kullet har, utanom samlinga, føregått på Mitt UiB.

## **Rammevilkåra**

Lokale og undervisningsutstyr: Samlinga vart lagd til eit seminarrom på Dragefjellet. Dette rommet fungerte greitt sjølv om det var noko stillasarbeid utanfor.

## **Faglærer sine kommentarar til student-evalueringan(e)**

I utgangspunktet skal det vera ni studentar på dette kullet, men ein student har søkt permisjon, og ein annan student vart sjuk den andre dagen. En student fekk ikkje fylt ut skjemaet sitt, så i alt var det seks studentar som har gjeve tilbakemelding på samlinga. Samlinga var lagt opp slik at studentane på førehand hadde fått i oppdrag å levera eit tekstutkast på inntil 5 sider på Mitt UiB. Eg hadde også på førehand delt dei inn i grupper på tre eller to, så dette utkastet var det meininga at dei to andre på gruppa skulle lesa gjennom og gje tilbakemelding på til den enkelte på samlinga. Sju av dei åtte studentane som møtte til samlinga, hadde gjort dette.

Den første samlingsdagen var før lønsj sett saman av ei praktisk skriveøkt, ei forelesing om skrivetips til masteroppgåva og prosjektutveksling i smågrupper. Etter lønsj og resten av dagen hadde me besøk av ein tidlegare masterstudent som forelas om sine røynsler med å skriva ei fagdidaktisk mastergradsavhandling. Neste dag var først avsett til individuell rettleiing med kvar deira rettleiarar, og resten av dagen var sett av til plenumspresentasjon der rettleiarar og studentar saman kom med respons til kvart enkelt prosjekt.

Den papirbaserte emneevalueringa som var delt ut til slutt, hadde desse spørsmåla dei kunne svara på i tillegg til kategorien anna.

- 1) Kva er du nøgd med når det gjeld denne samlinga?
- 2) Kva kunne vore betre/annleis?
- 3) Kor viktig meiner du det er for progresjonen at UiB også kallar inn til samling for kullet dykkar ein gong i semesteret fram mot endeleg innlevering av masteroppgåva?

1) Programmet for samlinga var dei nøgde med, og temaet skrivetips både frå UiB og frå tidlegare masterstudent vart opplevde som gode og nyttige. Dei likte også at det var fleire rettleiarar til stades under presentasjonane på fredagen. Av andre kommentarar kom det fram at dei likte å få leggja fram sjølve, høyra om andre studentar sitt arbeid og å få kommentarar og innspel på sitt eige arbeid. Dei likte også at det var sett av tid til individuell rettleiing. Dessutan opplevde dei pausane som viktige for fagleg drøs.

2) Det var nokre som stilte spørsmål om kva krav ein stiller til prosjektskissa, gjerne ved å få tydelegare rammer tidlegare om hausten som t.d. tal på sider og godkjent/ikkje-godkjent og fristane for semesteret. Ein student etterlyste òg kva ein kan forventast av student og rettleiar i løpet av semesteret, dvs. retningslinjer om dette og vegen vidare. Det kom også fram at dei gjerne kunne ha ynskt at samlinga hadde vore to – tre veker tidlegare, slik at det hadde vore betre tid i etterkant til å ferdigstilla prosjektskissa, og at ein då kunne ha nyttiggjort seg meir av skrivetipsa på eit tidlegare tidspunkt. Ein student ville gjerne hatt spørsmåla om korleis responsen i gruppearbeidet skulle føregå utdelt på førehand for å gjera responsen meir spissa.

3) Fem av seks av studentane som svarta, meinte det var svært viktig eller viktig for progresjonen at dei blir kalla inn til samling ein gong i semesteret. Den sjetteste studenten svarta derimot at det berre var litt viktig, og at det viktigaste framover var å ha kontakt med rettleiar. Alle var likevel samde om at det vil vera nyttig med slike samlingar både for motivasjonen sin del, at det fungerer disiplinerande for arbeidet i semesteret, at det er interessant å høyra om prosjekta til andre, og at det er viktig for faglege diskusjonar og for å få respons frå fleire enn rettleiar. Eit tilleggsargument var at det kom fram at det for ein del av dei var lettare å få fri frå jobb dersom dei vart «kalla inn» til samling.

### **Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:**

Innspela frå studentane viser at dei er godt nøgde med programmet for samlinga. Det er i dette semesteret dei for alvor kjem i gang med det som til slutt skal munna ut i ei masteroppgåve, og då er skrivetips og besøk av ein tidlegare NORMAU-student veldig nyttig. Forelesing frå ein student som nyleg sjølv har vore gjennom dette løpet, er ofte også ein person som veit kva det kan vera relevant for denne studentgruppa å få høyra noko om. Me har no gjort dette fire gonger og har så gode røynsler med det at me vonar det også i framtida er økonomisk råd å halda fram med slike besøk for NORMAU651-studentane våre.

På Mitt UiB, som er nytt både for studentane og oss i haust, la eg alt i august ut ei kunngjering om kva krav ein stiller til prosjektskissa, ein grovplan for samlinga, to døme på tidlegare skisser, oppmoding om å ta kontakt med rettleiarane sine og om å ta kontakt med underteikna om det var noko dei lurte på undervegs. All informasjon som emneplan og krav til semesteret bør vera tilgjengeleg for studentane så tidleg som råd, og dei bør minnast på kvar dei finn dette. Dei fleste studentane skreiv nok ikkje nokon formell kontrakt med rettleiaren sin før på sjølvve samlinga, men innhaldet i eit rettleiingsforhold kan også leggjast ut og såleis gjerast tilgjengeleg for dei. Denne gongen er studentane spreidde på i alt åtte ulike rettleiarar både frå språk, litteratur og fagdidaktikk, så det er i seg sjølv utfordrande med tanke på å klara å samla alle til ei slik samling. Litteraturmiljøet kom i samla flokk til studentframlegga, og det var flott. I år vart det diverre litt vanskelegare å få alle språkrettleiarane til å vera der samstundes av di det kolliderte med ein del andre aktivitetar.

Dersom det er råd å få til, ville det vera bra om semestersamlinga kunne leggjast litt tidlegare enn til slutten av november. Det er også bra om me klarer å få til i alle fall ei eller to samlingar for desse studentane når dei er komne vidare på NORMAU650.

Emneansvarleg: Ragnhild Lie Anderson